Rådmannen ber heradsstyret velje representantar med vara til årsmøte og styreverv i Bergen og Omland Friluftsråd.



HELLEBAKKEN 45  
5039 BERGEN  
TELEFON: 55 39 29 50  
FAKS: 55 39 29 59  
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO  
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Til:

Alver kommune  
Askøy kommune  
Austevoll kommune  
Austrheim kommune  
Bergen kommune  
Bjørnafjorden kommune  
Osterøy kommune  
Kvam kommune  
Tysnes kommune  
Samnanger kommune  
Vaksdal kommune  
Nye Øygarden kommune

Kopi:

Fjell kommune  
Sund kommune  
Øygarden kommune  
Os kommune  
Fusa kommune  
Lindås kommune  
Meland kommune  
Radøy kommune

## **Årsmøterepresentanter og kandidater til styreverv i Bergen og Omland Friluftsråd.**

*Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er et interkommunalt samarbeidsorgan etter §27 i kommuneloven med oppgave å sikre, tilrettelegge og stå for daglig drift av friluftsområder i deltakerkommunene samt fremme større forståelse for friluftslivets betydning, bedre friluftskultur og utbredelse av friluftsliv. Rådet, som var etablert i 1937, og forvalter nærmere 240 friluftsområder med et samlet areal på over 36 000 dekar på vegne av deltakerkommunene. I tillegg er BOF også sterkt engasjert i arbeidet mot marin forsøpling gjennom prosjektlederskapet i «Vi rydder strendene på vestlandet» (Hordalandsmodellen).*

Etter årets kommunevalg ber vi nå våre deltakerkommuner om å utpeke årsmøterepresentanter med varamedlemmer samt kandidater til styreverv, alle for den kommende fire års perioden.

### **Årsmøterepresentanter med varamedlemmer**

Årsmøtet er rådets øverste myndighet. Ordinært årsmøte holdes hvert år innen utgangen av mars måned. Årsmøtets representanter med varamedlemmer velges for fire år av gangen av den enkelte kommune og følger kommunevalgperioden. Til årsmøtet har Bergen kommune rett til å oppnevne 4 representanter med stemmerett, og de andre deltakerkommunene har rett til å oppnevne 1 representant hver med stemmerett. Årsmøtet er åpent for interesserte.


#### **Kandidater til styremedlemmer og vararepresentanter**

Styret på 7 medlemmer velges for 4 år. Leder og nestleder velges særskilt. Valgperioden følger kommunevalgperioden. 3 av styremedlemmene skal være fra Bergen og 4 fra øvrige kommuner. Ansatte skal i tillegg ha en representant som har møte og talerett. Alle styremedlemmene skal ha personlige vararepresentanter som representerer samme region. Styrets medlemmer kan velges utenfor årsmøtorepresentantene. En valgkomité på 3 medlemmer, valgt av årsmøtet, kommer med forslag til leder, nestleder og styremedlemmer.

Vi imøteser deres tilbakemelding slik at vi vet hvem vi skal forholde oss til i disse sakene.

Vi i BOF ser frem til videre godt samarbeid med dere.

Bergen 7.11.2019



Dag Seter  
Daglig Leder

Vedlegg: Vedtekter for Bergen og Omland Friluftsråd



## **Vedtekter, vedtatt på årsmøtet 21. mars 2019, gjeldende fra 01.01.2020.**

### **§ 1. DELTAGERKOMMUNER**

Bergen og Omland Friluftsråd er et interkommunalt samarbeidsorgan etter § 27 i kommuneloven mellom kommunene Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fjell, Fusa, Kvam, Lindås, Meland, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Tysnes, Øygarden og Vaksdal. Tilslutning fra nye deltagerkommuner må godkjennes av årsmøtet og kommunestyrene i alle deltagerkommunene.

### **§ 2. FORMÅL**

Friluftsrådets oppgave er i samarbeid med deltagerkommunene, offentlige etater på ulike nivå og interesserte organisasjoner å arbeide for:

- a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder av forskjellig slag til allment bruk.
- b) Større forståelse for friluftslivets betydning, bedre friluftskultur og utbredelse av friluftsliv.

### **§ 3. ORGANISASJON**

Friluftsrådets faste organer er årsmøtet, styret og et sekretariat som står for den daglige drift.

### **§ 4. ØKONOMI**

Deltagerkommunene skal betale tilskudd til rådets virksomhet. Friluftsrådet er et eget rettssubjekt som fører særregnskap.

Årsmøtet fastsetter et årlig pr. capita tilskudd basert på befolkningstallene fra SSB fra foregående år. Budsjettframlegg som innebærer mer enn 2 % reell økning i tilskuddet fra medlemskommunene krever 2/3 flertall på årsmøtet. Framlegg til forvaltningsplan og budsjett for neste år sendes deltagerkommunene til orientering. Rådet har myndighet til å ta opp lån og pantsette eiendom og verdier.

### **§ 5. ÅRSMØTE**

Årsmøtet er rådets øverste myndighet. Ordinært årsmøte holdes hvert år innen utgangen av mars måned. Årsmøtets representanter med varamedlemmer velges for fire år av gangen av den enkelte kommune og følger kommunevalgperioden.

Til årsmøtet har Bergen kommune rett til å oppnevne 4 representanter med stemmerett, og de andre deltagerkommunene har rett til å oppnevne 1 representant hver med stemmerett. Årsmøtet er åpent for interesserte.

Årsmøtet er beslutningsdyktig når minst halvparten av de stemmeberettigede er til stede. Med mindre annet er bestemt i vedtektene, treffes årsmøtets beslutninger med vanlig flertall. Ordinært årsmøte blir fastsatt av styret med minst 4 ukers skriftlig varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan bli innkalt med minst 3 ukers skriftlig varsel etter vedtak i styret eller når minst 6 representanter krever det skriftlig. Sakliste skal legges ved innkallingen.

Ekstraordinært årsmøte kan bare behandle de sakene som er nevnt i innkallingen.

Årsmøtet blir ledet av styreleder. De av styrets medlemmer som ikke er årsmøteutsendinger, har møte og talerett på årsmøtet.

Ordinært årsmøte skal behandle følgende:

1. Godkjenne innkalling

2. Godkjenne talerett for andre enn representantene
3. Styrets årsmelding
4. Regnskap med revisjonsberetning
5. Budsjett for neste år – herunder godkjenne rammer for låneopptak og pantsetting av verdier og fastsetting av pr. capita tilskudd fra medlemskommunene.
6. Innkomne forslag/saker, herunder tilslutning av nye deltagerkommuner
7. Valg av:
  - a. Styre i samsvar med § 6
  - b. Valgkomité i samsvar med § 6.Stemmelikhet avgjøres ved loddtrekning.

Styret kan invitere årsmøtorepresentantene til å ta del i rådets virksomhet gjennom befaringer og friluftpolitiske arrangement.

## § 6. STYRET

Styret på 7 medlemmer velges for 4 år. Leder og nestleder velges særskilt. Valgperioden følger kommunevalgperioden.

3 av styremedlemmene skal være fra Bergen og 4 fra øvrige kommuner. Ansatte skal i tillegg ha en representant som har møte og talerett. Alle styremedlemmene skal ha personlige vararepresentanter som representerer samme region.

Styrets medlemmer kan velges utenfor årsmøtorepresentantene. En valgkomité på 3 medlemmer, valgt av årsmøtet, kommer med forslag til leder, nestleder og styremedlemmer. Valgkomiteen skal påse at følgende blir i varetatt ved valg av styremedlemmer:

1. Likestillingslovens krav om kjønnsbalanse.
2. Styrerepresentantene utenom Bergen må reflektere ulike regioner blant medlemskommunene.
3. Forslaget på styrerepresentanter må så langt det er råd være forankret i den enkelte kommune.

For at styrets vedtak skal være gyldige, må over halvparten av medlemmene i styret være til stede. Ved stemmelikhet har leder dobbeltstemme. Styret kan nedsette arbeidsutvalg.

Styret skal behandle følgende:

1. Fremme Friluftsrådets oppgaver i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak.
2. Lede Friluftsrådets ordinære drift og stå for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett, herunder kunne oppta lån og kunne pantsette eiendom og eiendeler etter vedtak på årsmøtet.
3. Legge frem budsjett for årsmøtet basert på en forholdsmessig utjevning av investering og drift mellom kommunene i forhold til folketallet.
4. Ansette administrativ leder.
5. Velge 2 av styrets medlemmer med 2 personlige vara medlemmer som forplikter styret med sin underskrift.
6. Styret kan meddele prokura.

## § 7. VEDTEKTSENDRINGER

Endring av vedtektene kan bare gjøres på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. For at endring av vedtektene skal være gyldig, må minst 2/3 av de frammøtte med stemmerett stemme for vedtektsendringen.

Endring av § 1 ved opptak av nye deltagere krever samtykke fra alle deltagende kommuner.

#### § 8. UTTREDEN – OPPLØSNING

Den enkelte kommune og fylkeskommune kan i alle fall med ett års skriftlig varsel si opp sitt deltakerforhold i Friluftsrådet og kreve seg utløst av det. Utløsningssummen fastsettes til andelens nettoverdi ved oppsigelsesfristens utløp, men ikke til mer enn verdien av de midler vedkommende kommune eller fylkeskommune har skutt inn.

Den uttredende kommune skal videre overta forvaltningsansvaret for sine egne eiendommer som Friluftsrådet har hatt ansvaret for. Vedtak om oppløsning av rådet kan bare gjøres på ordinært årsmøte med 2/3 flertall blant de fremmøtte med stemmerett. Ved eventuell oppløsning skal forvaltningen av eiendommene som Friluftsrådet eier, forvalter og drifter, overføres til de respektive kommuner der eiendommen ligger, med tinglyste rettigheter og plikter.

Netto likvide midler fordeles etter befolkningstallet fra foregående år.

#### § 9. VOLDGIFT

Dersom det oppstår tvist mellom deltagende kommuner om forståelsen av disse vedtektene, skal tvisten avgjøres ved voldgift iht. tvistemålslovens kap. 32.

Voldgiftsrettens 3 medlemmer oppnevnes av førstelagmannen i Gulating lagmannsrett.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/19	Valnemnd	PS	25.11.2019
087/19	Heradsstyret	PS	27.11.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marie Koksvik Thorsen	19/2626

## Val av medlemmer/varamedlemmer til representantskapet i Interkommunalt arkiv, perioden 2019-2023

### Vedlegg:

Selskapsavtale for Interkommunalt arkiv pr. 01.01.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg.

### Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

### Bakgrunn

#### Bakgrunn

Osterøy er medeigar i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS. Kommunen skal velja representant med minst ein vara til representantskapet i selskapet. Valet gjeld for kommunestyreperioden.

Det sitjande representantskapet har følgjande representantar:

Medlem: Hilde Kristine Bøe – fagleiar, dokumentsenter

Varamedlemmer: 1. Astrid Kollvangsnes – sekretær

2. Beate Iren Bakkemo – sekretær

Medlemmer og varamedlemmer skal veljast av heradsstyret.

Det har vore praksis å velja representantar frå administrasjonen til dette vervet.

### Vurdering

For Osterøy kommune representerer IKAH viktig kompetanse og støtte i drift av arkivet og vidareutvikling av arkivfunksjonen. Kommunen treng eit nært samarbeid med IKAH. Samansetjing av styringsorgana i selskapet er viktig for vidare drift og utvikling av tilbod og kompetanse til beste for eigarkommunane. Dersom praksis med val av representantar frå administrasjonen vert vidareført vil ein rå til attval for perioden 2019-2023.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka.

Miljø – ikkje vurdert i saka.

Økonomi – ikkje vurdert i saka.

**Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valnemnda for innstilling til heradsstyret.

INTERKOMMUNALT ARKIV HORDALAND IKS

# Selskapsavtale

---

Interkommunalt arkiv Hordaland IKS

**Gjort gjeldande frå og med**

01.01.2020

## Innhald

§ 1	Namn .....	2
§ 2	Rettsleg status .....	2
§ 3	Hovudkontor .....	2
§ 4	Føremål og ansvarsområde .....	2
§ 5	Eigartilskot og eigardel .....	3
§ 6	Ansvarsfordeling .....	3
§ 7	Selskapet sine organ .....	3
§ 8	Representantskapet .....	3
§ 9	Representantskapet sine møte. ....	4
§ 10	Budsjettbehandlinga .....	4
§ 11	Styret .....	5
§ 12	Styret sine møte .....	5
§ 13	Dagleg leiar .....	6
§ 14	Organisering av tilsynsfunksjonar .....	6
§ 15	Personvern / sakshandsamingsreglar / forholdet til anna regelverk.....	6
§ 16	Økonomiforvaltning .....	6
§ 17	Låneopptak og garantitilsegn .....	6
§ 18	Arbeidsgjevaransvar .....	7
§ 19	Møtegodtgjering .....	7
§ 21	Endring av selskapsavtala .....	7
§ 22	Utelating, uttreden og oppløysing .....	7
§ 23	Tvisteordning .....	8
§ 24	Ikrafttreden .....	8

## § 1 Namn

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er eit interkommunalt selskap som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29 januar 1999 nr. 6 med seinare endringar. Kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap kan vere eigarar i selskapet.

Selskapet sitt firma er " Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS."

Selskapet har 24 eigarar:

- Alver kommune
- Askøy kommune
- Austevoll kommune
- Austrheim kommune
- Bjørnafjorden kommune
- Bømlo kommune
- Eidfjord kommune
- Etne kommune
- Fedje kommune
- Fitjar kommune
- Kvam herad
- Kvinnherad kommune
- Masfjorden kommune
- Modalen kommune
- Osterøy kommune
- Samnanger kommune
- Stord kommune
- Sveio kommune
- Tysnes kommune
- Ullensvang kommune
- Ulvik herad
- Vaksdal kommune
- Voss herad
- Øygarden kommune

## § 2 Rettsleg status

Selskapet er eige rettssubjekt og arbeidsgivaransvaret ligg til styret.

Selskapet skal registrerast i Føretaksregisteret.

## § 3 Hovudkontor

Selskapet har sitt hovudkontor i Bergen kommune.

## § 4 Føremål og ansvarsområde

1. Selskapet sitt hovudføremål er å legge forholda til rette for eigarane si rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føresegner.
2. Selskapet skal etter avtale med den enkelte eigar kunne fungere som arkivdepot for eigarane sine arkiv. Tenestene skal vere regulert gjennom eigene avtalar.
3. Selskapet kan tilby arkivfaglege tenester som eigarane skal betale for, etter satsar vedtekne av styret. Dette skal vere tenester eigarane har ulik etterspurnad etter, og eller som ikkje vert tilbydd til alle eigarar. Tenestene skal vere regulert gjennom egne avtalar.
4. Selskapet skal kunne fungere som fylkesarkiv og skal kunne ta i mot privatarkiv. Tenester som er knytt til privatarkiv skal vere regulert gjennom ein eigen avtale.
5. Selskapet har ikkje erverv som føremål. Selskapet kan delta i faglege samarbeid og eller tilby kompetanse og arkivtenester til andre så lenge dette ikkje går utover hovudformålet.

Representantskap og styre har ikkje fullmakt til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.



## § 5 Eigartilskot og eigardel

Eigarane betaler årleg inn tilskot til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekning av tilskotet skal være eit grunnbeløp samt eit eige kronebeløp pr. innbyggjar. For eigarar som ikkje kan leggje folketalet til grunn, til dømes interkommunale selskap, vert det årlege tilskotet fastsatt av representantskapet.

Eigarane har fylgjande eigardeler.

Kommune	Eigardel %	Kommune	Eigardel %
Alver kommune	6,2	Masfjorden kommune	3,3
Askøy kommune	6,2	Modalen kommune	3,0
Austevoll kommune	3,6	Osterøy kommune	3,9
Austrheim kommune	3,4	Samnanger kommune	3,4
Bjørnafjorden kommune	5,7	Stord kommune	5,1
Bømlo kommune	4,4	Sveio kommune	3,7
Eidfjord kommune	3,2	Tysnes kommune	3,4
Etne kommune	3,5	Ullensvang kommune	4,3
Fedje kommune	3,2	Ulvik herad	3,2
Fitjar kommune	3,4	Vaksdal kommune	3,5
Kvam herad	4,0	Voss herad	4,7
Kvinnherad kommune	4,5	Øygarden kommune	7,1
Sum:			100

Selskapet sine eigardelar skal justerast kvart fjerde år på grunnlag av kvar enkelt eigar sitt årlege tilskot til selskapet. Eigardelende skal og justerast ved eventuelt inn og utmeldingar.

Tilskot vert justert årlig i tråd med berekna lønn og prisstigning i inneverande års statsbudsjett.

## § 6 Ansvarsfordeling

Den einskilde eigar heftar uavgrensa for sin aktuelle eigardel av selskapet sine samla forpliktingar, jf. Lov om interkommunale selskap §3, fyrste ledd.

## § 7 Selskapet sine organ

Selskapet skal ha tre organ:

Representantskapet  
Styre  
Dagleg leiar

## § 8 Representantskapet

Representantskapet er selskapet sitt øvste mynde. Selskapet skal ha eit representantskap der samlege eigarar er representert med ein representant kvar. Det skal oppnemnast eit varamedlem for kvar av dei faste medlemmene. Funksjonstida skal vere 4 år og lik den kommunale valperioden.

Det enkelte kommunestyre eller fylkesting oppnemnar sjølv sin representant. Er eit interkommunalt selskap eigar, oppnemnar selskapet sitt representantskap deira representant. Dagleg leiar eller styremedlemmer kan ikkje veljast til medlemmer i representantskapet.

Eigarane har instruksjonsmyndigheit overfor sine representantar. Representantskapet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar

## **§ 9 Representantskapet sine møte.**

Ordinært representantskapsmøte skal gjennomførast årleg innan utgangen av april månad. Innkalling til ordinært representantskapsmøte skal skje skriftleg med minst fire vekers varsel, og skal innehalde ei sakliste. Med tilsvarande frist skal og den enkelte eigar varslast.

Innkallinga føl elles dei reglar som framgår av lov om interkommunale selskap §8

Ordinært representantskapsmøte skal behandle:

1. Val av protokollnemnd med to medlemmar
2. Årsmelding og rekneskap.
3. Budsjett og økonomiplan
4. Rammer for låneopptak og tilskot frå eigarane.
5. Val av revisor.
6. Val til styret.
7. Val til valnemnd med minst tre medlemmer.

Representantskapet sin leiar kallar inn til møte. Møta skal leiast av representantskapsleiar, eller nestleiar når denne ikkje er til stades. Om både er fråverande skal det veljast ein møteleiar.

Det vert kalla inn til ekstraordinært representantskapsmøte med to vekers varsel når leiaren i representantskapet finn det naudsynt, eller når styret, revisor, minst ein av deltakarane eller minst ein tredjedel av representantskapsmedlemene krev det, for å behandle ei særskilt nemnd sak.

Styreleiar og dagleg leiar har møteplikt på representantskapsmøta og dagleg leiar og alle styremedlemene har møte- og talerett.

Representantskapet er vedtaksført når minst to tredjedelar av eigarane er til stades. Ved røysting har kvar representant som er tilstade ei røyst kvar. Ved røysteliskap er møteleiar si røyst avgjerande.

Protokollnemnda utferdingar og underteiknar protokoll frå representantskapet sine møte.

## **§ 10 Budsjettbehandlinga**

Representantskapet vedtek budsjett og økonomiplan

Styret førebur representantskapet si handsaming av budsjett og økonomiplan. Dersom styret sitt framlegg går ut over tidlegare vedtekne føresetnader og rammer, eller har konsekvensar som går ut over eigarane sine økonomiplanar, skal styret gjere eigarane og representantskapet merksame på dette. Det same gjeld om styret fremjar framlegg til endringar i vedtekne budsjettføresetnader.

Dei til ei kvar tid gjeldande føreskrifter for budsjett og økonomiplan gitt i medhald av lov om interkommunale selskap skal gjelde for verksemda.

Ferdigbehandla budsjett skal sendast til eigarane innan 1. september kvart år.

Budsjettet er ikkje endeleg før alle eigarane sine budsjett er behandla etter *kommunelova § 45 nr. 4*

Styret skal utarbeide slike økonomirapportar som representantskapet vedtek.

## **§ 11 Styret**

Forvaltninga av selskapet ligg under styret.

Styret skal ha fem medlemmer, kor av fire skal veljast av representantskapet etter valnemnda si innstilling. Dei valde styremedlemmene skal ha tre varamedlemmer etter nummerert liste. Styremedlemmer og varamedlemmer blir valt for to år. Vala skal gjennomførast slik at minst to styremedlemmer med varamedlemmer står på val kvart år.

Dei tilsette vel eit styremedlem med vara. Medleмен har rettigheter i styret i samsvar med kommunelova §26 pkt. 1 og 2.

Styret sine oppgåver er å realisere dei forventingane, føretaksfilosofien og hovudmåla som eigarane ved representantskapet har vedteke. Styret skal syte for at saker som skal handsamast i ordinært representantskapsmøte er tilstrekkeleg førebudd. Styret iverkset representantskapet sine vedtak. Styret kan kun ta opp lån eller påføre eigarane forpliktingar i den utstrekning det føreligg særleg vedtak om dette i representantskapet.

Styret tilset dagleg leiar, og kan bestemme at vedkommande vert tilsett på åremål. Styret kan delegere til dagleg leiar å tilsetje selskapet sine øvrige tilsette.

Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet og har instruksjon og omgjeringsmynde ovanfor dagleg leiar.

Styret representerer selskapet utetter og teiknar selskapet sitt firma. Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar fullmakt til å teikne selskapet sitt firma og kan fastsetje at dei som har slik rett må utøve denne i fellesskap.

## **§ 12 Styret sine møte**

Styremøta vert leia av styreleiar. Styreleiar kallar inn til styremøte når dette trengst. Styremedlem og dagleg leiar og kan krevje at det blir kalla inn til styremøte.

Styret er vedtaksføre når minst tre av fem medlemmer er til stades inkludert møtande varamedlemmer. Styret gjer vedtak med alminneleg fleirtal. Ved røystelikskap er møteleiar si røyst avgjerande. Styreleiar syt for at det vert ført protokoll som vert godkjent i styret.

Styret fastset dagleg leiar si løn.

Styret vedtek personalreglement for selskapet.

Styret godkjenner forhandlingsresultat frå lokale lønsforhandlingar.

### **§ 13 Dagleg leiar**

Dagleg leiar administrerer den daglege drifta av verksemda og har ansvar for at ei kvar arbeidsoppgåve vert utført tråd med gjeldande bestemmelsar og i samsvar med dei vedtak som er vedteke av styret.

Dagleg leiar har sekretæriefunksjonane og ansvar for saksframlegg til styret. Vedkommande har tale- og forslagsrett på styremøta.

### **§ 14 Organisering av tilsynsfunksjonar**

Dagleg leiar skal til ei kvar tid halde styret løypande orientert om alle vesentlege forhold som gjeld selskapet si verksemd, økonomi og personale. Styret skal syte for at eigarane og representantskapet til ei kvar tid har den naudsynte oversikt slik at dei kan ivareta og førebu naudsynte disposisjonar. Representantskapet sine møtebøker skal fortløpande sendast til eigarane.

### **§ 15 Personvern / sakshandsamingsreglar / forholdet til anna regelverk**

Selskapet og deira tilsette skal følgje reglane som gjeld for offentleg forvaltning, herunder arkivlova, forvaltningslova offentleglova og personopplysningslova. Reglande om habilitet i kommunelova gjeld for tilsette samt selskapet sine organ. For område som ikkje er direkte regulert i selskapsavtala gjeld til ei kvar tid gjeldande reglar i lov om interkommunale selskap samt forskrifter gitt i medhald av denne lova.

Selskapet skal vidrare utføre sitt arbeide i tråd med intensjonane i verdserklæringa om Arkiv slik vedteke i september 2010 samt yrkesetiske retningslinjer for slik vedteke av International Convention on Archives (ICA) i 1996.

### **§ 16 Økonomiforvaltning**

Styret har ansvar for økonomiforvaltninga i selskapet.

Styret skal ettersjå at det vert ført lovmessige rekneskap og at det vert føreteke revisjon av selskapet samt at selskapet sitt rekneskap, budsjett og økonomiforvaltning føl regler i lov om interkommunale selskap og dei gjeldande forskrifter for slike selskap.

Selskapet sin revisor vert valt av representantskapet.

Selskapet sitt økonomireglement vert vedteke av representantskapet.

Selskapet avgjev rekneskap etter rekneskapslova.

### **§ 17 Låneopptak og garantitilsegn**

Selskapet kan ta opp lån innanfor ei ramme på NOK 2 000 000 for selskapet sitt samla låneopptak.

Selskapet kan berre ta opp lån til kapitalformål eller til konvertering av eldre gjeld. Selskapet kan ta opp lån til likviditetsføremål når dette blir innfridd før rekneskapsavslutning i same budsjettår.

Selskapet kan ikkje stille garanti eller pantsetje eigendelar til trygd for andre sine lån. Selskapet kan sjølv ikkje låne ut pengar.

Dersom det ved låneopptak vert kravd garanti frå eigarane, må det gjerast vedtak om dette av det enkelte fylkesting / kommunestyre / representantskap. Den enkelte eigar garanterer for sin del av lånet tilsvarande eigarandelen Det vert lagt ein inn føresetnad om at garantien er i overeinskomst med bestemmelsane i , *kommunelova § 51 nr. 2*.

## § 18 Arbeidsgjevaransvar

Styret har det formelle arbeidsgivaransvaret for dei til ei kvar tid tilsette i selskapet.

Styret avgjer tilknytning til arbeidsgivarorganisasjon.

## § 19 Møtegodtgjering

Godtgjering for møter m.v. til leiar og medlem av styret vert fastsatt og utbetalt etter reglar vedteke av representantskapet. Styremedlemmene har rett til refusjon for tap i inntekt og utgiftsdekning tilsvarande reglane i kommunelova § 41. Eigarane honorerer sjølv sine representantar, herunder og selskapet sin representantskapsleiar og nestleiar.

## § 21 Endring av selskapsavtala

Selskapsavtala må vedtakast av alle eigarar. Kommunestyret/ fylkestinget må sjølv vedta avtalen. For eigarar som er interkommunale selskap må vedtaket gjerast av representantskapet.

Endringar i selskapsavtala som gjeld dei punkta som i *lov om interkommunale selskap § 4 tredje ledd* set som minimumsinnhald i ei selskapsavtale, kan berre skje ved at eigarane gjer likelydande vedta om dette.

Andre endringar i selskapsavtala kan gjerast av representantskapet med tilslutnad frå minst to tredjedelar av stemmene.

Framlegg til endringar i selskapsavtala kan fremjast av styret, representantskapet eller ein/fleire av eigarane.

Styret skal ha høve til å uttale seg om endringsframlegg i selskapsavtala før desse vert fremja til behandling hjå eigarane.

## § 22 Utelating, uttreden og oppløysing

Om ein Eigar vesentleg misheld sine plikter i selskapsforholdet, kan dei andre eigarane einstemming vedta at vedkommande Eigar skal utelatast frå selskapet etter reglane i lov om interkommunale selskap § 31.

Den enkelte eigar kan med 1 – eit års skriftleg varsel einssidig sei opp sitt Eigarskap etter reglane i lov om interkommunale selskapet § 30. Oppseiinga får ikkje verknad før etter 31.12. året oppseiinga vart motteke av selskapet.

Framlegg til oppløysing av selskapet må vedtakast av eit samrøystes representantskap. Vedtak om oppløysing må vedtakast av alle Eigarar og av departementet. Avviklinga av selskapet skal skje i samsvar med *lov om interkommunale selskap § 32 – 38*.

Fordeling av aktiva og passiva i samband med eventuell uttreden eller oppløysing skal skje i samsvar med *lov om interkommunale selskap § 30*.

Styret plikter å melde frå om avviklinga til Føretaksregisteret.

## **§ 23 Twisteordning**

Om ikkje anna ordning føl av lov eller forskrift vert tvist om forståinga av denne selskapsavtala vert endelig avgjort av ei voldgiftsnemnd på tre medlemmer oppnemnd av Fylkesmannen i (namn på nytt fylke). Det same gjeld tvist om utgiftsfordeling og fordelinga av aktiva.

## **§ 24 Ikrafttreden**

Denne selskapsavtalen trer i kraft frå det tidspunkt den er vedteke av alle eigarane sitt øvste politiske organ.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
086/19	Heradsstyret	PS	27.11.2019
012/19	Valnemnd	PS	25.11.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marie Koksvik Thorsen	19/2628

## Val av representant og vararepresentant til interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA), perioden 2019-2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg.

### Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Interkommunalt utval mot akutt forureing (IUA) skal ivareta medlemskommunane sine plikter om beredskap og akutt forureining, etter § 44 i Forurensingsloven. IUA erstattar ikkje kommunen si plikt til å ha beredskap mot forureining i eigen kommune. Utvalet skal vera deltakarkommunane sitt administrative og utførande organ i beredskapsarbeidet.

Årsmøtet i IUA Bergen er øvste organ og rapporterer til deltakarkommunane og beredskapsavdelinga i Kystverket. Årsmøtet vedtek budsjettet og arbeidsplanar for komande år. Årsmøtet vel fellesrepresentantane for kommunane til IUA/beredskapsstyret.

Kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar har 1 røyst på årsmøtet.

Valet følgjer kommunevalperioden.

Tidlegare sektorleiar for miljø og teknikk har til no vore Osterøy kommune sin representant til årsmøtet i IUA.

For førre periode vart det gjort slike val:

Medlem: Roald Hovden, tidlegare sektorleiar for Miljø og teknikk

Varamedlem: tidlegare nestleiar, Miljø og teknikk

Heradsstyret må ta stode til om det framleis skal vera administrativ representasjon i IUA eller om ein ynskjer politisk representasjon på årsmøtet. Medlemskommunane har ulik praksis, og på årsmøtet har såleis ordførarar, rådmenn og brannsjefar/andre tilsette møtt.

#### Vurdering

Rådmannen viser til saksopplysningane og har elles ikkje merknader.

Folkehelse – Arbeidet i IUA er eit viktig tiltak for å ivareta folkehelsa dersom det oppstår hendingar av helseskadeleg forureinig.

Miljø – Arbeidet i IUA kan vere avgjerande for å ivareta miljøet dersom alvorlege hendingar av forureining oppstår.

Økonomi – ikkje vurdert i saka.

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valnemnda for innstilling til heradsstyret.